



Felles avfallsplan for småbåthamner i Lindås kommune

Du får dette brevet fordi du, etter Lindås kommune sitt kjennskap, er hamneansvarleg for ei småbåthamn i Lindås kommune.

Lindås kommune har fått krav fra fylkesmannen om å utarbeide ein felles avfallsplan for småbåthamner i kommunen. Kravet er heimla i forureiningslova § 20. Føremålet med regelverket er å redusere forsøpling av sjø og kystlinje.

Alle kystkommunar har ansvar for å utarbeide ein felles avfallsplan for hamner som hovudsakleg mottar avfall fra fritidsbåtar som småbåthamner og private anlegg. Hamneansvarlege plikter i denne samanheng å bidra med nødvendige opplysningar. Hamneansvarlege som ikkje gir kommunen nødvendige opplysningar, er sjølv ansvarlege for å utarbeide ein eigen avfallsplan.

Kva treng vi frå deg?

Vi ber deg om å fylle ut vedlagt skjema og sende det tilbake til kommunen innan 30.04.2019.

Skjema kan sendast per epost til postmottak@lindas.kommune.no, tor.hegle@lindas.kommune.no eller i posten til Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Istdalstø.

Har hamna allereie ein avfallsplan?

Dersom hamna allereie har ein avfallsplan som er godkjent av fylkesmannen er det tilstrekkeleg å sende kopi av denne planen til kommunen.

Feil mottakar?

Dersom du ikkje er hamneansvarleg ber vi deg om å ta kontakt med kommunen slik at vi kan finne ut kven som skal få dette skrivet.

Om hamneansvarleg:

Havneansvarlig er «den som driver havnen. Dersom ingen anses for å drive havnen, er eier av havnen å anse som havneansvarlig. Havneansvarlig kan være eier, leietaker, virksomhet, kommune eller leder av en båtforening.»

Spørsmål?

Dersom du har spørsmål kan du ta kontakt med Tor Hegle på epost: tor.hegle@lindas.kommune.no eller på tlf. 5637 5642.

Med helsing
Tor Hegle

(Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur).

Vedlegg:

Skjema for utfylling